

Vedtak

15-March-2016

Notat CH-29 3 revidert

Ostereidet, 9.april 2015

## Restaurering av buss R 159. Vedtekter og rammeplan

I startfasa av prosjektet ønskjer ein å ha eit lett administrativt overbygg, som tillet at mest mogeleg tid blir brukt til gjennomføring. Ein syner til referat frå stiftingsmøte 20 /3 2015, merkt notat CH-29 4.

### Vedtekter:

1. Prosjektet har namnet CH-29
2. Føremålet er å restaurera buss med chassisnummer XBLQ 1325 og tidl reg.nr. R 159 til, køyrbar og så langt som mogleg opphaveleg stand; føresett godkjenning av Biltilsynet.
3. Prosjektet har eigen administrativ og arbeidsmessig status. Einskildmedlemmar og medarbeidarar har ikkje anna økonomisk ansvar enn det dei sjølve ønskjer.
4. CH-29 overtek eigarskapet av køyretøyet slik det er ved prosjektstart. Når prosjektet er fullført eller vedteke avslutta, skal BNR sitt rutebilveretning ha førsteretten til å overta bilen, fortrinnsvis utan andre kostnader enn registrering og framtidige utlegg. Skulle laget på det tidspunktet ikkje kunna eller vilja overta eigarskapet avgjer prosjektgruppa vidare eigarskap og omstende for det.
5. Prosjektgruppa skal bestå av 4 personar, peikar sjølv ut ein leiar og ein med hovudansvar for økonomi og informasjon, og etter som det trengst, andre persontilknytte særfunksjonar.
6. Møte vert fastsett som det trengst, men minst 3 gonger årleg. Referat skal skrivast og godkjennast.

### Rammeplan:

1. Førebuande arbeid er på det meste gjort, i form av historikk, statusrapport, etablering av nyttige kontaktar og vurdering av Biltilsynet. Ein har òg fått stilt garasje til mellombels disposisjon av førre eigar sin familie. Ein vurderar det slik at denne vil greia seg for det meste av gjennomføringa av punkt 2. Undervegs vil ein som det trengst ha regelmessig kontakt med Biltilsynet.
2. Restaurering av komplett chassis og motor, så langt fram at det som då står att er karosseri, innreiing og det tilleggsutstyret som elles trengst. På dette tidspunktet trengst godkjenning av Biltilsynet. Ein legg til grunn at denne delen av arbeidet vil ta om lag to år.
3. Karosseri, innreiing, utstyr og overflatebehandling vil truleg kreva større lokalitet enn den garasjen som det mellombels er gjeve høve til å nytta, jfr. pkt 1. Førebuingane krev òg teikningar og val av eigna, tidrett materiell. Difor bør planlegginga av punkt 3 starta midtvegs i arbeidet under pkt. 2. Arbeidet under pkt. 3 vil kosta så mykje meir enn det som trengst under pkt 1 og 2 at det her er viktig i tide å skaffa den naudsynne finansielle grunnlaget.

Alf Angelskårs  
Alf Angelskårs (leiar)

Tormod Lindås  
Tormod Lindås

Hans Ove Rød  
Hans Ove Rød

Vidar Lehmann  
Vidar Lehmann